

## KOMMISJONSAVGJERD

2015/EØS/76/80

av 21. januar 2011

om endring av avgjerd 2010/468/EU om mellombels marknadføring av visse sortar av *Avena strigosa* Schreb. som ikkje er førte opp i den felles sortlista for jordbruksvekstar eller i dei nasjonale

sortslistene i medlemsstatane

[meld under nummeret K(2011) 156]

(2011/43/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 66/402/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av såkorn<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 17 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved kommisjonsavgjerd 2010/468/EU<sup>(2)</sup> vert marknadføring i Unionen av frø frå sortar av *Avena strigosa* Schreb. (heretter kalla *A. strigosa*) som ikkje er førte opp i den felles sortlista for jordbruksvekstar eller i dei nasjonale sortslistene i medlemsstatane, tillaten fram til 31. desember 2010.
- 2) Dei mellombels vanskane med den alminnelege forsyninga av *A. strigosa*, som var grunnen til at avgjerd 2010/468/EU vart vedteken, held fram. Bruksperioden for det løyvet som er fastsett i den nemnde avgjerda, bør difor lengjast.
- 3) Ut frå dei opplysningane som Kommisjonen har fått frå medlemsstatane går det fram at det i 2011 trengst ytterlegare til saman 5130 tonn for å løyse desse forsyningsvanskane, ettersom Belgia har meldt frå til Kommisjonen om at dei treng 300 tonn, Frankrike treng 3700 tonn, Tyskland treng 300 tonn, Italia treng 280 tonn, Spania treng 300 tonn og Portugal treng 250 tonn.
- 4) Avgjerd 2010/468/EF bør difor endrast.

- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I avgjerd 2010/468/EU vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 1 vert det gjort følgjande endringar:
  - a) i nr. 1 vert «31. desember 2010» bytt ut med «31. desember 2011»,
  - b) nr. 2 skal lyde:

«2. Den samla mengda frø som er tillaten for marknadføring i Unionen i medhald av denne avgjerda, skal ikkje overstige 4970 tonn i 2010. Den samla mengda frø som er tillaten for marknadføring i Unionen i medhald av denne avgjerda, skal ikkje overstige 5130 tonn i 2011.»
2. I artikkel 3 nr. 2 vert «31. desember 2010» bytt ut med «31. desember 2011».

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 21. januar 2011.

For Kommisjonen

John DALLI

Medlem av Kommisjonen

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 19 av 22.1.2011, s. 19, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 64/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 22.

<sup>(1)</sup> TEF 125 av 11.7.1966, s. 2309/66.

<sup>(2)</sup> TEU L 226 av 28.8.2010, s. 46.